



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-  
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Statsforvalterens fellestjenester  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Deres ref

Vår ref  
25/2656-7

Dato  
22. desember 2025

## Tildelingsbrev 2026 til Statsforvaltarens fellestenester

### 1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortingets behandling av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedtatt 16. desember 2025.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet gir i tildelingsbrevet Statsforvaltarens fellestenester (STAF) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet også krav til Statsforvaltarens fellestenester og delegerer fullmakter. Departementet viser også til hovudinstruksen, datert 20. desember 2024, som framleis gjeld. Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Statsforvaltarens fellestenester i 2026.

Om noko er uklart, ber vi Statsforvaltarens fellestenester ta dette opp så snart som mogleg.

### 2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Digitalisering, effektivisering og sikkerheit er viktige overordna prioriteringar for regjeringa. For Statsforvaltarens fellestenester er det òg svært viktig med eit godt samarbeid med statsforvaltarane. Statsforvaltarens fellestenester skal levere kostnadseffektive administrative tenester med god kvalitet til statsforvaltarane. Gode og effektive administrative tenester er ein føresetnad for at statsforvaltarane kan løyse samfunnsoppdraga sine. Statsforvaltarens fellestenester skal derfor leggje stor vekt på eit effektivt og nært samarbeid med statsforvaltarane.

Postadresse  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.dfd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
932 384 469

Avdeling  
Avdeling for  
forvaltningsutvikling

Saksbehandler  
Jan-Erik Fjukstad  
Hansen  
22 24 70 92

Digitalisering med tilhøyrande standardisering skal bidra til at statsforvaltarane kan bruke ressursane sine på ein betre måte. Ein modernisert IKT-infrastruktur og sak- og arkivsystemet Elements utgjer eit godt grunnlag. I det vidare arbeidet må Digitaliserings- og IKT-strategien for statsforvaltarane (DIKT) ligge til grunn. Planen vert forlengt til og med 2029. I 2026 skal Statsforvaltarens fellestenester følgje opp tiltaka i strategien og ved behov revidere planane i samarbeid med statsforvaltarane. Brukarretta og effektive fellesløyser skal utviklast i dialog med statsforvaltarane. STAF må forankre prosjekt på statsforvaltaranes fagområde hos embeta. Brukarane, enten det er dei tilsette, innbyggjarane eller kommunar, må være i sentrum for utviklinga, og det må være ein balanse mellom korleis ein møter dei ulike fagområda sine behov.

Digitaliseringa må sjåast i samband med effektivisering. Statsforvaltarens fellestenester skal i 2026 prioritere digitaliseringsprosjekt som gir effektivisering hos statsforvaltarane. Prioritering av investeringar og utviklingsprosjekt skal skje i tråd med kriteria for prioritering<sup>1</sup>. Det må gjerast ei kost/nytte-vurdering for digitaliseringsprosjekta på lik linje med annan ressursbruk. Innanfor desse rammene skal det leggjast opp til meir og raskare digitalisering for statsforvaltarane

Utfordringar knytt til informasjons- og samfunnstryggleik er krevjande, med eit aukande trusselnivå. Statsforvaltarens fellestenester skal planlegge for, og sikre statsforvaltarane sine IKT-system mot fiendtlige angrep med naudsynte tiltak. Samtidig må verksemda gjennom dialog og rettleiing bidra til at statsforvaltarane varetar sitt ansvar, jf. òg ønske om særskilt dialog i pkt. 8.1.

### **3. Mål for 2026**

#### **3.1 Mål: Statsforvaltarane mottar gode og effektive tenester**

Statsforvaltarens fellestenester skal sørge for effektiv drift, leggje vekt på informasjonstryggleiken og realisere planlagde gevinstar i tråd med gevinstrealiseringsplanen for 2020–2026 gjennom standardisering, bruk av ny teknologi og stordriftsfordelar.

##### **3.1.1 Delmål 1: Tenestene er kostnadseffektive og tilpassa behovet til brukarane**

Statsforvaltarens fellestenester skal oppnå stordriftsfordelar, betre informasjonstryggleik og mindre sårbarheit i leveransen av dei administrative tenestene til statsforvaltarane. Verksemda må ha god dialog med brukarane av tenestene, slik at ein varetar brukarane sitt behov. På anskaffingsområdet skal Statsforvaltarens fellestenester prioritere ressursane der dei samla sett gir størst gevinst for statsforvaltarane, og slik at ressursane blir fordelt på ein god måte mellom departementa.

#### Styringsparametere med resultatmål:

---

<sup>1</sup> Se Kriterier for prioritering av utviklingstiltak, FMFA 23.01.2020.

1. Brukartilfredsheit på Dokumentforvaltning og IKT. Totalvurdering av tenesteleveransar i brukarundersøkinga. Resultatmål: Oppretthalde brukartilfredsheit på 4,5 poeng, eller høgare.
2. Oppetid for Elements: Resultatmål: 99,6 %, justert for planlagt service/nedetid<sup>2</sup>.
3. Ressursbruk til drift av IKT-systema og infrastruktur, målt som utførte årsverk i avdeling for infrastruktur og drift. Resultatmål: Lik eller mindre enn 2025.
4. Ressursbruk på Dokumentforvaltning: Antal journalposter per årsverk. Resultatmål: Skal være minst på nivå med 2025.
5. Andel av anskaffingar over terskelverdi som Statsforvaltarens fellestenester gjennomfører. Resultatmål: 100%.
6. Andel saker som brukarstøtte svarar ut innan to timer. Resultatmål: 95%.

### 3.1.2 Delmål 2: Auka digitalisering og standardisering

Statsforvaltarens fellestenester skal bidra til digitalisering og standardisering hos statsforvaltarane. Ansvaret for en effektiv og brukarretta drift ligg hos den enkelte statsforvaltar, men Statsforvaltarens fellestenester må tilby digitale løysingar som bidrar til at statsforvaltarane identifiserer forbetningsområde og omstiller seg.

Statsforvaltarens fellestenester skal ta initiativ til å auke takten i digitaliseringa på statsforvaltarområdet, gjennom arbeidet med effektivisering på eigne fagområde, og ved å støtte statsforvaltarane sitt arbeid med innovasjon, kontinuerleg forbetring, standardisering og kompetanseheving innanfor rammene av DIKT-strategien. Statsforvaltarens fellestenester skal prioritere digitaliseringsprosjekt som gir effektivisering hos statsforvaltarane. Arbeidet skal koordinerast med DFØ, Digitaliseringsdirektoratet og andre leverandørar så langt det er hensiktsmessig.

#### Styringsparametere med resultatmål:

7. Andel automatiserte regelstyrte prosessar og saksbehandlingsprosessar. Resultatmål: Auke frå førre år.
8. Grad av etterleving av nasjonale krav og beste praksis for informasjonstryggleik. Resultatmål: Auke frå førre år.

#### Oppdrag

| Nr. | Oppdrag                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Frist      |
|-----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1   | Digitalisering og IKT-strategien (2024-2029). STAF har en viktig rolle i oppfølginga av DIKT-strategien. STAF skal bidra til iverksetjing av tiltak i handlingsplanen, og sjå tiltaka i samanheng med balanseprosjektet. Statsforvaltaren og STAF skal også vurdere om prioriteringa av tiltak i DIKT-strategien skal endrast for å bidra til effektivisering. | 31.12.2026 |

<sup>2</sup> Tiden det måles på er ordinær arbeidstid, det vil si 15. september–14. mai kl. 8.00–15.45 og 15. mai–14. september kl. 8.00–15.00.

|   |                                                                                                                                   |            |
|---|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 2 | Utprøving av ulike samarbeidsformer med statsforvaltarane for å styrke samarbeidet og sikre tilstrekkeleg deltaking i prosjekter. | 31.12.2026 |
|---|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|

Ressurskartlegginga hos statsforvaltarane vil føre til tiltak for balanse mellom oppgåver og ressursar i Balanseprosjektet. Departementet planlegg eit oppdrag til STAF når dei endelege tiltaka er klare, og tek sikte på eit supplerande tildelingsbrev tidleg i 2026.

Det skal rapporterast på oppdraga i årsrapporten, om ikkje anna er bestemt.

### **Oppdrag frå fagdepartementa – sjå også vedlegg 3**

Ny felles rettshjelpsapplikasjon – oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet

Prop. 1 S (2023–2024), jf. Innst. 6 S (2023–2024) og Prop. 124 L (2022–2023) *Endringer i rettshjelploven (ny modell for økonomisk behovsprøving)* er bakgrunn for arbeidet med ny felles rettshjelpsapplikasjon. Arbeidet starta i 2024 og er forankra hos Statens sivilrettsforvaltning (SRF). STAF bidrar inn i prosjektet. SRF finansierer prosjektet og vil spesifisere løyvinga. DFD ber om å bli orientert om vesentlege endringar eller utfordringar i prosjektet.

#### Andre oppdrag

Styringsetatane kan etter avtale med DFD gi Statsforvaltarens fellestenester oppdrag om prosjekt, jf. retningslinjer. Det er styringsetaten som må eige prosjektet. DFD har fått forslag til prosjekt for 2026 frå fagdepartementa, og DFD sine prioriteringar til STAF for desse går fram av vedlegg 3.

## **4. Andre føresetnader og krav**

### **Fellesføringar 2026**

#### Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Statsforvaltarens fellestenester skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet. Statsforvaltarens fellestenester skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Verksemda skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

#### Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik. Statsforvaltarens fellestenester skal i årsrapporten oppgge tal på tilsetjingar av personar med

funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

#### Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Statsforvaltarens fellestenester skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Statsforvaltarens fellestenester skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Statsforvaltarens fellestenester skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

## **5. Krav til dokumentasjon og statistikk**

### **5.1 Rapportering på indikatorar**

DFD ber om at følgande indikatorar tas inn i tertialrapportane for 2026:

- Antal årsverk i Dokumentforvaltning.
- Antal brukere på fjernaksess.

### **5.2 Rapportering på responstid for brukarstøtte**

Statsforvaltarens fellestenester skal i tertialrapportane og i årsrapporten leggje fram tal for kor lang tid (median timetal) det går frå behov for bistand i ein sak er meldt inn, til helpdesk har løyst saka.

### **5.3 Rapportering på IKT-utviklingsprosjekta**

I tertialrapportane og årsrapporten skal Statsforvaltarens fellestenester gi ein oppdatert status for prioriterte IKT-prosjekt. Oppdateringa skal innehalde informasjon om prosjekt som er avslutta, og pågåande og nye prosjekt som er planlagt starta opp innanfor året. For avslutta prosjekt ber DFD om kortfatta rapportering på resultat på tid og kostnad, og viktige erfaringar.

## 6. Budsjettramme 2026

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak blir Statsforvaltarens fellestenester i 2026 tildelt:

Utgifter

### **Kap. 1520 Statforvaltarane**

**tal i tusen kr**

| Post          | Nemning        | Budsjett 2026 |
|---------------|----------------|---------------|
| 01            | Driftsutgifter | 263 500       |
| Sum kap. 1520 |                | 263 500       |

Tildelinga til Statsforvaltarens fellestenester er redusert med 2 mill. kroner til Dokumentforvaltning i samsvar med gevinstrealiseringsplanen. Tildelinga er redusert med 1 mill. kroner for uttrekk av gevinstar på IKT. Tildelinga er redusert med 3,7 mill. kroner tilsvarende innsparinga som STAF har fått på grunn av utkjøp av leasingavtalar i 2025.

Tildelinga inneheld 10 mill. kroner til utviklingsprosjekt. Felles tilskotsforvaltningssystem er prioritert med 4 mill. kroner. I tillegg er det lagt inn 1,5 mill. kroner til «Prosjekt for enklare og meir effektive saksbehandlingsprosessar», 1 mill. kroner til «Kommunebilde» og 0,5 mill. kroner til utprøving av alternative samarbeidsformar for auka effektivitet, jf. oppdrag 2 frå DFD. Ytterlegare 3 mill. kroner er lagt inn for oppfølging av Balanseprosjektet og til statsforvaltaranes medverknad i digitaliseringsprosjekta. Konkrete føringar for dette kjem DFD tilbake til. Sjå vedlegg 3 for ein full oversikt over prioriteringar av prosjekt.

I Felles tilskotsforvaltningssystem er målsettinga at det i 2026 skal tas i bruk minst 5 nye tilskotsordningar, og STAF skal forberede lansering av ytterlegare 7 tilskot i 2027. Det er eit ambisiøst oppdrag, men samtidig går vi nå inn i 4. år av prosjektet og det er få tilskot inne i løysinga. Vi ber STAF om å sjå på effektivisering i eigen prosess og korleis embeta kan ta eit større ansvar i avklaring av felles prosessar.

Talet på tilsette som STAF skal gi utstyr og tenester til, vert påverka av reduksjon eller auke i oppgåver og løyvingar til statsforvaltarane. I 2025 fall Husbankforsøket bort, medan det blei auka aktivitet på integrering, beredskap, kommuneøkonomi og tilsyn med mindreårige asylsøkjalar. I løyvinga for 2025 blei det lagt inn ein netto auke på 25 tilsette. For 2026 er det lagt inn ytterlegare middel til ein netto auke på 30 brukarar.

Departementet foreslår ein varig auke i løyvinga til informasjonstryggleik med 0,8 mill. kroner til bruk på tiltak slik STAF har gjort rede for i brev av 20.11.2025.

Det er lagt inn ein auke på 1,1 mill. kroner til arbeidet med anskaffingar, spesielt avtaleforvaltning.

Det er lagt inn 0,5 mill. kroner til Azure-kostnader knytt til auka bruk og ekstra prisauke.

### **Tildelingar frå andre departement**

| <b>Kap. 577 Tilskot til dei politiske partia</b> |                                               | <b>[tall i tusen kr]</b> |
|--------------------------------------------------|-----------------------------------------------|--------------------------|
| Post                                             | Nemning                                       | Budsjett 2026            |
| 01                                               | Driftsutgifter, vidareutvikling Partiportalen | 3 400                    |
| Sum kap. 577                                     |                                               | 3 400                    |

STAF skal nytte tildelinga på kap. 577, post 01 til drifts- og utviklingsutgifter for partiportalen, partirekneskap, partifinansiering.no og partilovnemnda.no på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet.

STAF har på bakgrunn av oppdrag i supplerande tildelingsbrev nr. 3 for 2023 gjennomført eit forprosjekt for å få oversikt over kva som er naudsynt for å utvikle ein ny partiportal med omsyn til kostnader, ressursbehov og tidsbruk. Som ein del av forprosjektet er det òg utarbeidd ein detaljert kravspesifikasjon.

På denne bakgrunn bad Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) i tildelingsbrev for 2025 STAF om å utvikle ein ny partiportal etter kravspesifikasjonen frå forprosjektet. Den nye partiportalen skal erstatte dagens partiportal, som vert nytta av partia og forvaltninga. STAF skal gjere ferdig ein første versjon av Partiportalen 2.0 innan 23.11.2026.

| <b>Kap. 470 Fri rettshjelp</b> |                                                 | <b>tal i tusen kr</b> |
|--------------------------------|-------------------------------------------------|-----------------------|
| Post                           | Nemning                                         | Budsjett 2026         |
| 01                             | Driftsutgifter, utvikle rettshjelps-applikasjon | Avtales med SRF       |
| Sum kap. 470                   |                                                 | Avtales med SRF       |

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) skal leie arbeidet med å utvikle og prioritere ytterlegare funksjonalitet i søknadsportalen for rettshjelp. Dette skal gjerast i samarbeid med STAF, Domstoladministrasjonen, Trygderetten og Statsforvalterne. Verksemdsleiarane i STAF, Domstolsadministrasjonen, Trygderetten, Statsforvalterne og SRF har ansvaret for at verksemdene leverer i tråd med oppdraget. Det inneber mellom anna at prosjektet har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Samarbeidet skal koordinerast av SRF. Det skal etablerast ei styringsgruppe med dei nemnde verksemdene, som vedtar rammer og overordna prioriteringar for prosjektet. Styringsgruppa skal leiast av SRF. Usemje om overordna prioriteringar skal avklarast med Justis- og beredskapsdepartementet.

STAF har ansvar for å forvalte, drifte og vidareutvikle søknadsportalen, slik at denne fungerer stabilt og er trygg å bruke. Brukarar, dvs. advokatar, borgarar og saksbehandlarar hos statsforvaltarane, Domstoladministrasjonen og Trygderetten skal få teknisk brukarstøtte.

SRF er midlertidig systemeigar for rettshjelpsapplikasjonen og har det overordna ansvaret for at løysinga fungerer etter formålet. Som det går fram av supplerande tildelingsbrev av 26 juni

2025 skal SRF innan 15. juni greie ut dei ulike alternativa for systemeigarskap til den nye søknadsportalen for rettshjelp, med sikte på å identifisere den beste løysinga slik at systemeigarskapet kan ivaretas på ein tilfredsstillande måte.

### **Inntekter**

Eventuelle inntekter som oppstår knytt til verksemda skal førast på kap. 4520, post 02, jf. punkt 7.1 Meirinntektsfullmakt.

## **7. Fullmakter**

Departementet delegerer budsjettmessige og andre fullmakter til Statsforvaltarens fellestenester for budsjettåret 2026, som omtalt nedanfor. I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene som verksemda har fått delegert i hovudinstruks datert 20. desember 2024.

### **7.1 Meirinntektsfullmakt**

Fullmakt til å overskride tildelinga til Statsforvaltarens fellestenester under kap. 1520, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4520, post 02, jf. romartalsvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2025–2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedtatt 16. desember 2025.

### **7.2 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret**

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3. Fullmakta gjeld ikkje leige av kontorlokale.

### **7.3 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarende innsparing i de etterfølgande budsjettår**

Fullmakta blir gitt for overskridingar av tildelinga til Statsforvaltarens fellestenester på kap. 1520, post 01 til investeringsføremål mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettåra på vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.6.

## **8. Rapportering og resultatoppfølging**

Tidspunkta for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

### **8.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året**

I hovudinstruksen punkt 3.3.3 er det stilt krav til oversending av rapportering gjennom året. Fristar for desse leveransane går fram av vedlegg 1. Faste etatsstyringsmøte er ein forpliktande del av departementet si styring av Statsforvaltarens fellestenester og ein sentral del av styringsdialogen.

I hovudinstruksen punkt 4.4.2 Samfunnssikkerheit er arbeidet med samfunnssikkerheit omtala. Departementet vil ta initiativ til en nærare dialog om dette arbeidet i 2026.

## 8.2 Årsrapport og årsregnskap

Statsforvaltarens fellestenester skal sende årsrapporten for 2026 til departementet innan 1. mars 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen. Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing, styringsparameterar og oppdrag som er omtalte i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026, pkt. 4 Andre føresetnadar og krav og pkt. 5 Krav til dokumentasjon og statistikk. Verksemda skal framleis rapportere på arbeidet med berekraftsmåla, jf. omtala av årsrapporten del III i hovudinstruksen.

Statsforvaltarens fellestenester skal sende ein korrekt, dekkande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er send til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

## 9. Budsjettmessige føresetnadar

Statsforvaltarens fellestenester har ansvar for å planlegge verksemda i 2026 slik at ein kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

Statsforvaltarens fellestenester kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre føremål enn det som er bestemt av Stortinget, jf. bevilgningsreglementets § 5. Unntaket er om det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 7 i dette brevet.

Statsforvaltarens fellestenester har ansvaret for å iverksette tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at verksemda rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadane utan opphald.

Med hilsen

Arnfrid Arthur (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jan-Erik Fjukstad Hansen  
utredningsleder

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

Riksrevisjonen

## Vedlegg 1

### Styringskalender for Statsforvaltarens fellestenester for 2026

| <i>Måned</i> | <i>Rapportering/møte</i>                                                                         | <i>Tidspunkt</i> |
|--------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|
| Januar       | Rapportering til statsregnskapet                                                                 | 19.01.2026       |
| Februar      | Risikovurderinger av mål og oppgaver for 2026                                                    | 03.02.2026       |
| Mars         | Innspill til RNB 2025                                                                            | 20.02.2026       |
|              | Årsrapport for 2025                                                                              | 01.03.2026       |
| April        | Første etatsstyringsmøte – årsrapport                                                            | 26.03.2026       |
| Mai          | Innspill til Prop.1 S (2026–27) og rammefordelingen 2027                                         | 10.05.2026       |
|              | Tertialrapport per 30.04. med prognose ut året                                                   | 20.05.2026       |
| Juni         | Andre etatsstyringsmøte (kl.9-10.30)                                                             | 18.06.2026       |
| August       | Forberedende møte om budsjett 2027                                                               | 26.08.2026       |
| September    | Forslag til budsjett innen planlagte rammer for 2027                                             | 15.09.2026       |
|              | Tertialrapport per 31.08 med prognose – inkludert avviksrappport måloppnåelse og oppdrag         | 20.09.2026       |
| Oktober      | Tredje etatsstyringsmøte                                                                         | 22.10.2026       |
|              | Innspill til nye satsinger og kutt i 2028                                                        | 22.10.2026       |
| November     | Foreløpig tildelingsbrev for 2027 sendes ut                                                      | 31.10.2026       |
|              | Skriftlige merknader til foreløpig tildelingsbrev for 2027, samt overordnet risikovurdering 2027 | 14.11.2026       |
| Desember     | Tildelingsbrev 2027 sendes ut                                                                    | 22.12.2026       |

## Budsjettildeling 2026 for Statsforvalterens fellestjenester

*I 1000 kroner*

|                                                      |                  |
|------------------------------------------------------|------------------|
| <b>Statsforvalterne - Kap. 1520, jf kap. 4520</b>    | <b>2026</b>      |
| <b>Kap. 1520 post 01 – Driftsutgifter</b>            | <b>2 565 444</b> |
| <b>Sum avsatt sentralt hos DFD</b>                   | <b>10 564</b>    |
| <b>Sum fordelt embetene, inkludert vergemål</b>      | <b>2 291 380</b> |
| <b>Sum fordelt Statsforvalterens fellestjenester</b> | <b>263 500</b>   |
| <b>Kontrollsum - differanse</b>                      | <b>0</b>         |

|                                                                                                                             |                             |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------|
| <b>Statsforvalterens fellestjenester</b>                                                                                    | <b><i>I 1000 kroner</i></b> |
| Tildeling 2025 post 01<br>(fra 2024 inngår FDV datavarehus 2 mill. kroner og økt sikkerhet 2 mill. kroner)                  | <b>256 600</b>              |
| <b>Tildeling 2025 etter korrigeringer</b>                                                                                   | <b>256 600</b>              |
| Uttrekk prosjektmidler 2025                                                                                                 | -10 000                     |
| Effektiviseringskrav IKT                                                                                                    | -1 000                      |
| Effektiviseringskrav dokumentforvaltning 2026                                                                               | -2 000                      |
| Lønnskompensasjon for 2026                                                                                                  | 6 980                       |
| Kompensasjon for pris 2026                                                                                                  | 1 520                       |
| Ekstra priskompensasjon for Azure                                                                                           | 500                         |
| Varige tiltak for økt informasjonssikkerhet                                                                                 | 800                         |
| Styrking av anskaffelsesfunksjonen - avtaleforvaltning                                                                      | 1 100                       |
| Til utviklingsprosjekter, se vedlegg 3                                                                                      | 10 000                      |
|                                                                                                                             |                             |
|                                                                                                                             |                             |
| Trekk for innsparte leasingavtaler i 2026                                                                                   | -3 700                      |
| <b>Sum 2026 før justeringer med statsforvalterne</b>                                                                        | <b>260 800</b>              |
| Økt antall brukere på dokumentforvaltning og IKT, anslag for 2026 30 ansatte<br>(Økt antall brukere bevilget i 2025 var 25) | 2 700                       |
|                                                                                                                             |                             |
| <b>Sum 2026 post 01</b>                                                                                                     | <b>263 500</b>              |
| Justering                                                                                                                   |                             |

### Vedlegg 3: Oversikt over prioritering av prosjekter fra DFD på digitalisering/oppgaver til STAF

Bevilgningen til prosjekter med ramme fra kap. 1520 på 10 mill. kroner er uthevet.

| Departement         | Tiltak                                                           | Finansiering              | Beløp 2026                 | DFDs kommentarer                                                                                                                                                        | Prioritering 2026 |
|---------------------|------------------------------------------------------------------|---------------------------|----------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| BFD                 | Digital gravferdsmelding                                         | Kap. 881, post 21         | 13,5 mill. kroner          | SFVT har ansvaret for prosjektet. STAF bistår med integrasjon.                                                                                                          | 1                 |
| HOD - Helsetilsynet | Nytt felles fagsystem for tilsyn, sammen med BFD og AID          | Kap. 748, post 21         | Avklares med Helsetilsynet | STAF skal prioritere prosjektet innenfor de rammene som Helsetilsynet gir. DFD ber om å bli orientert om avklaring av rammene for STAFs arbeid.                         | 1                 |
| KDD                 | Prosjektskjønn-databasen - normal drift                          | Kap. 1520, post 01        | Drift i rammen             | Drift er en del av rammen på kap. 1520. Eventuell videreutvikling må finansieres av KDD.                                                                                | 1                 |
| DFD                 | Felles tilskuddsforvaltningssystem                               | <b>Kap. 1520, post 01</b> | <b>4 mill. kroner</b>      | Prosjektet går inn i sitt fjerde år, og det bes om at raskere fremdrift prioriteres slik at statsforvalterne kan realisere flere resultater og gevinster.               | 1                 |
| DFD                 | Enklere og mer effektive saksbehandlingsprosesser                | <b>Kap. 1520, post 01</b> | <b>1,5 mill. kroner</b>    | Tiltak for å virkeliggjøre Digitaliserings- og IKT-strategien for STAF og SF.                                                                                           | 1                 |
| JD                  | Rettshjelpsapplikasjon 2.0                                       | Kap. 470, post 01         | Uavklart                   | Se oppdrag fra JD i tildelingsbrevet. DFD ber om å holdes orientert om avklaringer om finansiering og organisering.                                                     | 2                 |
| KDD                 | Ny partiportal                                                   | Kap. 577, post 01         | 3,4 mill. kroner           | Bør prioriteres hos STAF                                                                                                                                                | 2                 |
| KDD                 | Tilsynskalenderen trenger videreutvikling                        | Kap. 1520, post 01        | Uavklart                   | Drift er en del av rammen på kap. 1520. Eventuell videreutvikling må finansieres av KDD.                                                                                | 2                 |
| DFD                 | Oppfølging av balanseprosjektet                                  | <b>Kap. 1520, post 01</b> | <b>3 mill. kroner</b>      | Det settes av midler til prosjekter som forventes ut fra Balanseprosjektet og for statsforvalternes medvikrning i digitaliseringsprosjekter                             | 2                 |
| DFD                 | Utprøving av alternative samarbeidsformer for auka effektivitet. | <b>Kap. 1520, post 01</b> | <b>0,5 mill. kroner</b>    | Jf. oppdrag 2. Samarbeidet med 10 ulike virksomheter kan være krevjande. Prosjektet skal utforske andre måtar å strukturere dette på.                                   | 2                 |
| BFD                 | Videreutvikling av Digital løsning for tros- og livssynssamfunn  | BFD                       | Uavklart                   | Prosesskartlegging er gjennomført. BFD må avklare eventuell videreutvikling.                                                                                            | 3                 |
| KDD                 | Kommunebilde                                                     | <b>Kap. 1520, post 01</b> | <b>1 mill. kroner</b>      | KDD sammen med andre departement må ta et ansvar for varig finansiering av kommunebilde. KDD har initiert tiltaket. DFD bidrar med midler til å holde løsningen i gang. | 3                 |

DFD har gjort prioriteringen av prosjektene med utgangspunkt i følgende kategorisering og grunnprinsipper:

1. prioritet: Prosjekter på tvers av fagområder, eller viktige prosjekter for enkelte fagområder. Finansiering er sikret
  2. prioritet: Prosjekter som er utredet eller har startet opp, men finansiering er uavklart, eller prosjekter som er avklarte og finansiert, men som ikke er tverrsektorielle.
  3. prioritet: Prosjekter som mangler avklaring og finansiering, eller som er utenfor statsforvalternes systemer.
- Ikke prioritert: Prosjekter som ikke er utredet i tidlig fase. Disse er ikke med i 2026 og må eventuelt tas opp igjen senere